

VEDTEKTER FOR SUND VATN OG AVLAUP AS.

§ 1.

Selskapet sitt namn er Sund vatn og avlaup AS.

§ 2.

Selskapet har sitt forretningskontor i Sund kommune.

§ 3.

Selskapet sitt føremål er kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vatn- og avlaupsanlegg i Sund kommune, og andre oppgåver i tilknytning til dette.

§ 4.

Selskapet sin aksjekapital er kr. 25.000.000.-.

§ 5.

Kvar aksje sitt pålydande skal vere kr. 1.000.000,-, og aksjekapitalen er fordelt på 25 aksjar à kr. 1.000.000.-.

Det skal ikkje betalast utbytte til aksjonærane.

§ 6.

Selskapet skal ha eit styre på frå 1-6 medlemmer, etter vedtak frå generalforsamlinga. Dersom selskapet sitt styre utgjør mindre enn tre medlemmer skal det veljast varamenn.

§ 7.

Kunngjering til aksjonærane skjer ikkje i offentlege publikasjonar. Den ordinære generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad. Innkalling med dagsorden skjer med 8 dagars varsel i rekommandert brev til aksjonærane, dersom aksjonæartalet blir utvida. Ekstraordinær generalforsamling blir halden etter reglane i aksjelova.

§ 8.

Styret si årsmelding og rekneskap, i revidert stand, skal vere sendt ut til kvar enkelt aksjonær saman med innkalling til ordinær generalforsamling.

§ 9.

På ordinær generalforsamling skal følgjande saker avgjerast:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse.
2. Disponering av overskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balanse.
3. Val av styre, varamenn, revisor og forretningsfører, dersom generalforsamlinga ynskjer dette.

§ 10.

Alle saker som ein aksjonær ynskjer tatt opp i ordinær generalforsamling skal vere skriftleg og sendt styret innan 1. mai. Alle dokument som skal leggjast fram på generalforsamlinga, skal i varslingsperioden vere utlagt på selskapet sitt kontor.

§ 11.

På generalforsamlinga har kvar aksje ei røyst. Aksjonærane kan møte personleg eller ved fullmektig med skriftleg fullmakt.

§ 12.

Selskapet sitt firma blir teikna av eit samla styre. Styret kan gje prokura.

§ 13.

Ved utviding av aksjekapitalen, eller ved sal av aksjane skal retten til å omsetje desse vere avgrensa, då dei andre aksjonærane har forkjøpsrett og fortrinnsrett til å teikne nye aksjar. Dersom det ved utviding av aksjekapitalen, eller ved overdraging av aksjar er fleire aksjonærar med lik forkjøpsrett/aksjeinteresse, og desse ønskjer å gjere gjeldande sin forkjøps- og fortrinnsrett, så skal aksjane som blir omsett eller teikna delast likt mellom aksjonærane med fortrinnsrett. Dersom talet på aksjar er ulikt så skal dei delast likt så langt dette er mogeleg. Dersom det er aksjar til overs skal det trekkjast lodd mellom aksjonærar med fortrinnsrett. Ved overdraging av aksjar er det alltid eit vilkår at styret har gjeve førehandssamtykke.

Dersom spørsmål om overdraging blir teken opp varslar styret andre aksjonærar snarast. Forkjøpsretten må gjerast gjeldande innan ein månad frå det tidspunkt styret mottok melding. Overdragingssummen blir fastsett etter avtale. Dersom ein ikkje oppnår semje om overdragingssummen, blir summen endeleg fastsett ved skjønn.

§ 14.

Aksjelova sine reglar gjeld i den utstrekning ikkje anna er fastsett i vedtektene.

30/5-2002

